

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 11.06.2026
Tid: Kl. 10:00 - 13:00

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Anne Merete Takle	AP
Hildur Akse	AP
Kjell Eide	AP
Geir Helge Nordstrand	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP

Merknader:

Førefall frå geir Helge Nordstrand (H) – Ingen vara tilgjengeleg

Leiar for hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland, Arve Helle deltok i møtet t.o.m referat og orienteringssaker.

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/038	Godkjenning av innkalling
26/039	Godkjenning av sakliste
26/040	Godkjenning av protokoll frå førre møte
26/041	Referat- og orienteringssaker
26/042	Utvalet sitt kvarter
26/043	Flytebrygge - Gbnr 84/15 - Stian Sandvik Thorgersen
26/044	Parkeringsplass - Gbnr 77/14 - Asbjørn Dyrkorn Løland
26/045	Handsaming av dispensasjon - Oppføring av tilbygg - gbr 59/23
26/046	Fritidsbustad - Gbnr 29/45 - Dirk Hoffmann
26/047	Fritidsbustad - Gbnr 25/4 - Randi Kjærbæk
26/048	Garasje - Gbnr 48/7 - Per Egil Akse
26/049	Deling av grunneigedom - Gbnr 57/5 - Jan Eivind Thorseth
26/050	Arealoverføring - Gbnr 30/1 og 30/51 - Fv. 5655 Salbusvingen - Vestland fylkeskommune
26/051	Søknad om tilskot frå konsesjonsfondet - Fargehagen
26/052	Søknad om tilskot frå konsesjonsfondet - Skifjord bedehus ombygging toalett
26/053	Søknad om tilskot frå konsesjonsfondet - utsmykking og miljøforbetrande tiltak ved kommunehuset
26/054	Søknad til konsesjonsfondet frå Øen grendalag - slushmaskin
26/055	Slutthandsaming - Kommuneplan sin samfunnsdel 2026-2036
26/056	Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2025
26/057	Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2026
26/058	Fastsetting av økonomiske måltal for økonomiplanen 2027-2030 - ny handsaming

26/038: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/038 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

26/039: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/039 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

26/040: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/040 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

26/041: Referat- og orienteringssaker

Orienteringar:

- Informasjon frå, og dialog med leiar for hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland, Arve Helle.
- Aktuelt frå ordførar og kommunedirektør

Aktuelt frå Kommunedirektør:

Uheldig at Nrk klipper vekk alt det positive som vart sagt om Hyllestad, og refererer med det til innslaget på lokalradioen om rekruttering. Det har vore relativt god rekruttering til Hyllestad dei siste åra.

Kommunedirektøren orienterte om taxiordninga i Hyllestad kommune og dei utfordringane som er knytte til denne. Kommunen ønskjer å vidareutvikle det eksisterande tilbodet, men opplever at det er vanskeleg å finne gode lokale løysingar m.a. pga. omfattande og byråkratisk regelverk. Det bør vere mogeleg å benytte taxi også inn i mot offentleg tenestetransport, slik vi ser det blir gjort i tilførselsruter til skulebussen.

Arve Helle peika på at all transport no er samla i bussenbodet, der operatørane har ansvaret for administrasjonen. For å finne løysingar på taxi- og transportutfordringane, bør kommunen ta initiativ til eit møte med begge aktuelle avdelingar i fylkeskommunen.

Når det gjeld båtstoppet i Rysjedalsvika, vert det arbeidd med ei utgreiing av ei mogleg flytting til Hardbakke for båten frå Nordfjord. Kystverket er på befaring i Solund for å vurdere aktuelle tiltak. Fylkeskommunen stiller krav om ei konsekvensutgreiing for Hyllestad. Ei eventuell flytting av stoppet vil ikkje påverke sognebåten.

Innspel om fylkesvegane viser at Hyllestad har vore proaktive og teke initiativ til utbetringar. For område som Lutelandet og Skifjorden kjem vegutbetringar ofte i etterkant av industrietableringar.

Det vart også understreka kor viktig det er å ha ferdige planar klare med tanke på moglege tilskotsordningar, då midlar til tider kan bli tilgjengelege på kort varsel.

Aktuelt frå ordførar, slik er stoda no:

- Tersan/Havyard- reguleringsplan vedteken-utbygging dokk. Store inversteringar- stor aktivitet.
- Bustadprosjekt-oppstart-samarbeid med m.a. Husbanken. Pilot knytt til korleis effektivt drive ei omsorgsteneste. I dette ligg busrad, sosiale tilhøve, bu lenger heime.
- Hotell Sognefjord m/ fleire har god drift/godt belegg av arbeidsfolk og turistar.
- 36(19,13,4)ungdommar får tilbod om sommarjobb med Hyllestad kommune som arbeidsgjevar. NRK-innslag?
- Opning av flott kommunehus m/ m.a. nypussa bibliotek
- Opning av servicebygg i Kvernsteinsparken 6. juni.
- Nær full utbygging av breiband i kommunen.(Porten manglar)
- Ladestasjon på Rysjedalsvika - planlegging i gang.
- Parkeringsplass Hamneparken- innhenta tilbod/oppstart sept.
- Hyllestad kommune-organisasjon:
- god dekning omsorg-utgreiingsprosjekt pågåar.
- godt arbeid med samfunnsplan/arealplan
- legedekning ok
- fysiodekning ok
- psykolog/helsesøster/jordmor på plass
- auke i tal fødsler
- god skule og barnehage. Litt rekrutteringsvanskar i barnehage.

Festivalar, opningar o.l.:

- Sommargry
- Kvernsteinsmarknaden
- Sognefjordfestivalen
- Midtvesten festivalen i Handalen - Skifjorddagen
- Opning av Hamneparken
- Norvald Tveit jubileum-oppstart-søkt støtte frå FK
- Får vi første verdsmeister i biljard?

Besøk av Fylkesordførar:

- Lihestprosjektet(25)

- Indrefjord Gard(26)
- Hamneparken(26)

Utfordringar:

- Tannlegekontor
- Fylkesveg/busskur- A. Helle i FS
- Ambulanse-nytt org. I drøftingar mellom kommunane og HF.
- Ny brannstasjon -Hurtigbåt
- Kommunale vegar ti
- Driftsstasjon på Eide —
- Drosje-einerett?
- SUM- utviding Staurdal
- Hyllestad Utviklingspark- behov for kraft.

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

FORM- 26/041 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

26/042: Utvalet sitt kvarter

Anne Merete Takle (AP):

Ynskjer orientering om NAV samarbeid og korleis NAV samarbeidar med andre einingar om å få flyktninar i arbeid.

Kommunedirektør vil ta spørsmålet opp med NAV Ytre Sogn og Sunnfjord, og freiste få til ei orientering om dette i septembermøte

Anne Merete Takle (AP): Kvernsteinsprisen - Er det på tide å revidere retningslinjer for tildeling av Kvernsteinsprisen for å få ein meir åpen nomineringsprosess?

Kommunedirektør: Administrasjonen kan ta initiativ og kalle inn til evalueringsmøte saman med nemda for tildeling av prisen og lage sak for politisk handsaming om nødvendig.

Dag Ove Austgulen (SP): Det er mange disposisjonssaker i møtet i dag. Er det mange saker som vert "hengande" grunna sommarferie. Kanskje mange av sakene kan handsamast administrativt slik at folk slepp å vente for lenge?

Kommunedirektør: Har låg terskel for ekstra møter for at ikkje saker skal verte liggande for lenge. Ikkje noko stort problem pr. no. Vil sjå på delegasjonsreglement mtp å behandle enkelte saker administrativt.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

FORM- 26/042 VEDTAK:

26/043: Flytebrygge - Gbnr 84/15 - Stian Sandvik Thorgersen

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå vassareal for allmenn fleirbruk i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til utlegging av flytebrygge på eigedom gbnr 84/15 som omsøkt.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/043 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå vassareal for allmenn fleirbruk i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til utlegging av flytebrygge på eigedom gbnr 84/15 som omsøkt

26/044: Parkeringsplass - Gbnr 77/14 - Asbjørn Dyrkorn Løland

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til opparbeiding av parkeringsplass på gbnr 77/14 som omsøkt.

Vilkår:

Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av jord- og flaumskredfare og kvikkleireskredfare, jf. plan- og bygningslova § 28-1, før det vert gjeve byggeløyve.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/044 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til opparbeiding av parkeringsplass på gbnr 77/14 som omsøkt.

Vilkår:

Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av jord- og flaumskredfare og kvikkleireskredfare, jf. plan- og bygningslova § 28-1, før det vert gjeve byggeløyve.

26/045: Handsaming av dispensasjon - Oppføring av tilbygg - gbr 59/23

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Hyllestad formannskap at det vert gjeve dispensasjon frå det offentlege føremålet i Detaljreguleringsplan Eidsnes- Plan-ID: 2007001, til oppføring av tilbygg tilknytt næringsbygg på gbr 59/23 som omsøkt.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/045 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Hyllestad formannskap at det vert gjeve dispensasjon frå det offentlege føremålet i Detaljreguleringsplan Eidsnes- Plan-ID: 2007001, til oppføring av tilbygg tilknytt næringsbygg på gbr 59/23 som omsøkt.

26/046: Fritidsbustad - Gbnr 29/45 - Dirk Hoffmann

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel til opparbeiding av fritidsbustad med tilhøyrande tilkomstveg og biloppstillingsplass på eigedom gbnr 29/45 som omsøkt.

Vilkår:

- Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av kvikkleireskredfare, jf. plan- og bygningslova § 28-1, før det vert gjeve byggeløyve.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/046 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel til opparbeiding av fritidsbustad med tilhøyrande tilkomstveg og biloppstillingsplass på eigedom gbnr 29/45 som omsøkt.

Vilkår:

- Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av kvikkleireskredfare, jf. plan- og bygningslova § 28-1, før det vert gjeve byggeløyve.

26/047: Fritidsbustad - Gbnr 25/4 - Randi Kjærbæk

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til oppføring av fritidsbustad på eigedom gbnr 25/4 som omsøkt.

Vilkår:

- Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av flaumfare, snøskredfare, jord- og flaumskredfare og kvikkleireskredfare, jf. plan- og bygningslova § 28-1, før det vert gjeve byggeløyve.

- Grensene til eigedom gbnr 25/4 skal klarleggast ved oppmålingsforretning før det vert gjeve byggeløyve.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/047 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til oppføring av fritidsbustad på eigedom gbnr 25/4 som omsøkt.

Vilkår:

- Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av flaumfare, snøskredfare, jord- og flaumskredfare og kvikkleireskredfare, jf. plan- og bygningslova § 28-1, før det vert gjeve byggeløyve.
- Grensene til eigedom gbnr 25/4 skal klarleggast ved oppmålingsforretning før det vert gjeve byggeløyve.

26/048: Garasje - Gbnr 48/7 - Per Egil Akse

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til oppføring av garasje på eigedom gbnr 48/7 som omsøkt.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/048 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til oppføring av garasje på eigedom gbnr 48/7 som omsøkt.

26/049: Deling av grunneigedom - Gbnr 57/5 - Jan Eivind Thorseth

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, til frådelling av to parsellar på 2319 m² og 615 m² frå eigedom gbnr 57/5 som omsøkt.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/049 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, til frådelling av to parsellar på 2319 m2 og 615 m2 frå eigedom gbnr 57/5 som omsøkt.

26/050: Arealoverføring - Gbnr 30/1 og 30/51 - Fv. 5655 Salbusvingen - Vestland fylkeskommune**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå landbruksføremåla i reguleringsplan for Sørbøvåg (plan-ID 2004002) og områdereguleringsplan for Salbu (plan-ID 2020001) til arealoverføring av 700 m2 til anna veggrunn - grøntareal som omsøkt.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/050 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå landbruksføremåla i reguleringsplan for Sørbøvåg (plan-ID 2004002) og områdereguleringsplan for Salbu (plan-ID 2020001) til arealoverføring av 700 m2 til anna veggrunn - grøntareal som omsøkt.

26/051: Søknad om tilskot frå konsesjonsfondet - Fargehagen**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad formannskap vedtek å støtte prosjektet "Fargehagen" med totalt kr. 20000,- , fordelt slik: kr. 10 000,- i 2026, kr. 5 000,- i 2027 og kr 5 000,- i 2028

Tilskotet skal dekkjast med midlar frå konsesjonsfondet, spes. 7024.

Summen vert utbetalt når utgiftene kan dokumenterast.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/051 VEDTAK:

Hyllestad formannskap vedtek å støtte prosjektet "Fargehagen" med totalt kr. 20000,- , fordelt slik: kr. 10 000,- i 2026, kr. 5 000,- i 2027 og kr 5 000,- i 2028

Tilskotet skal dekkjast med midlar frå konsesjonsfondet, spes. 7024.

Summen vert utbetalt når utgiftene kan dokumenterast.

26/052: Søknad om tilskot frå konsesjonsfondet - Skifjord bedehus ombygging toalett**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad formannskap løyver inntil kr. 37 000,- i tilskot frå konsesjonsfondet til oppgradering av toalett og etablering av tekjòkken i Skifjord bedehus.

Tilskotet skal dekkjast med midlar frå konsesjonsfondet, spes. 7024.

Tilskotet vert utbetalt når utgiftene kan dokumenterast.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/052 VEDTAK:

Hyllestad formannskap løyver inntil kr. 37 000,- i tilskot frå konsesjonsfondet til oppgradering av toalett og etablering av tekjòkken i Skifjord bedehus.

Tilskotet skal dekkjast med midlar frå konsesjonsfondet, spes. 7024.

Tilskotet vert utbetalt når utgiftene kan dokumenterast.

26/053: Søknad om tilskot frå konsesjonsfondet - utsmykking og miljøforbetrande tiltak ved kommunehuset

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad formannskap avslår søknaden frå Sentraladministrasjonen i Hyllestad kommune om kr. 50 000,- i tilskot frå konsesjonsfondet.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/053 VEDTAK:

Hyllestad formannskap avslår søknaden frå Sentraladministrasjonen i Hyllestad kommune om kr. 50 000,- i tilskot frå konsesjonsfondet.

26/054: Søknad til konsesjonsfondet frå Øen grendalag - slushmaskin

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad formannskap avslår søknaden frå Øen Grendalag om kr. 20 000,- i tilskot frå konsesjonsfondet til innkjøp av slushmaskin.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/054 VEDTAK:

Hyllestad formannskap avslår søknaden frå Øen Grendalag om kr. 20 000,- i tilskot frå konsesjonsfondet til innkjøp av slushmaskin.

26/055: Slutthandsaming - Kommuneplan sin samfunnsdel 2026-2036

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Hyllestad kommunestyre Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/055 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Hyllestad kommunestyre Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 med tilleggspunkt:

- Side 7 - Mål 1 - Punkt 1: Endre "Legge til rette for naturstiar på Hyllestad..." til "naturstiar i Hyllestad"
- Side 8 - Mål 5 - Punkt 4: Endre "...på tvers av.." til "...i eigen kommune og på tvers av kommunegrenser.."
- Side 11 - 6.3. Strategiar - Punkt 2: "...arealrekneskap.." sikre at opplysningar i gammal arealplan vert overført til ny. Om det er endringar, ta kontakt med aktuelle grunneigarar i forkant av ny plan.

26/056: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

ADMU- 26/007 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/056 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

26/057: Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner budsjettkontroll for 1. kvartal 2026 og vedtek følgjande budsjettendringar for økonomiplanen 2026-2029:

Nye vedtak for økonomiplanen 2026-2029, erstattar vedtak 1-4 og 10 i KOMM 25/083:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på kr **157 592 000**. Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"

2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på kr **10 818 000**. Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"

3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til kr **9 553 000**

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på kr **9 553 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.

10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med kr. **12 797 000**

Beløp i 1000 kr.

Sektor	Endringar drift pr. 1. kvartal 2026	2026	2027	2028	2029
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 370 omsorg / institusjonslokale	610			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningsneste	500			
Ansvar 900	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2 990	-2 160	-1 670	-840
	Netto endringar	-280	-2 160	-1 670	-840

Løyvingane vert finansiert ved ekstra inntekter (integreringstilskot) og netto overskot vert avsett til disposisjonsfondet med kr. **-280 000**

Sektor	Endringar lån til vidare utlån	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Auke i ramma til startlån	5 000

Lån til vidare utlån gjennom ordninga med startlån, som vert tatt opp i Husbanken med kr. **5 000 000**.

Sektor	Endringar investering	Endring 1. kvartal 2026
--------	-----------------------	-------------------------

Sentraladministrasjonen	Prosjekt Hyllestad kyrkjetårn utvendig tiltak taktekke	Prosjektet kan også inkludere måling innanfor løyvd ramme
Helse og omsorg	Prosjekt kjøp av tørketrommel	Prosjektet blir omdisponert til kjøp av industrivaskemaskin og ramma vert auka med 50 (Totalramme er då 175)
Helse og omsorg	Nytt prosjekt "Oppgradering 2 leilegheiter Sørvisbygget Eiklund"	Ramme 150
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2135 Nødlis og brannvarsling Hyllestad skule	Ramma vert auka med 115. (Totalramme er då 885)
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2056 sentrumstiltak Hyllestad	Ramma vert auka med 120

Løyvingane vert finansiert ved ekstra låneopptak med totalt **kr. 435 000**

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/057 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner budsjettkontroll for 1. kvartal 2026 og vedtek følgjande budsjettendringar for økonomiplanen 2026-2029:

Nye vedtak for økonomiplanen 2026-2029, erstattar vedtak 1-4 og 10 i KOMM 25/083:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på kr **157 592 000**. Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"

2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på kr **10 818 000**. Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"

3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til kr **9 553 000**

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på kr **9 553 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.

10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med **kr. 12 797 000**

Beløp i 1000 kr.

Sektor	Endringar drift pr. 1. kvartal 2026	2026	2027	2028	2029
Oppvekst og kultur	Løyving til Hyllestadfondet	161			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600			

Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 370 omsorg / institusjonslokale	610			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningtenesta	500			
Ansvar 900	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2	-2	-1	-840
		990	160	670	
	Netto endringar	-119	-2	-1	-840
			160	670	

Løyvingane vert finansiert ved ekstra inntekter (integreringstilskot) og netto overskot vert avsett til disposisjonsfondet med **kr. -119 000**

Sektor	Endringar lån til vidare utlån	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Auke i ramma til startlån	5 000

Lån til vidare utlån gjennom ordninga med startlån, som vert tatt opp i Husbanken med **kr. 5 000 000**.

Sektor	Endringar investering	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Prosjekt Hyllestad kyrkjetårn utvendig tiltak taktekke	Prosjektet kan også inkludere måling innanfor løyvd ramme
Helse og omsorg	Prosjekt kjøp av tørketrommel	Prosjektet blir omdisponert til kjøp av industrivaskemaskin og ramma vert auka med 50 (Totalramme er då 175)
Helse og omsorg	Nytt prosjekt "Oppgradering 2 leilegheiter Sørvisbygget Eiklund"	Ramme 150
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2135 Nødlis og brannvarsling Hyllestad skule	Ramma vert auka med 115. (Totalramme er då 885)
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2056 sentrumstiltak Hyllestad	Ramma vert auka med 120

Løyvingane vert finansiert ved ekstra låneopptak med totalt **kr. 435 000**

26/058: Fastsetting av økonomiske måltal for økonomiplanen 2027-2030 - ny handsaming

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Økonomiske måltal for økonomiplanperioden 2027-2030

1 Drift:

Kommunen skal i økonomiplanperioden ha eit netto driftsresultat på minimum **0,5% av brutto driftsinntekter**. På lang sikt er målet 2,0 %. Resultatet skal sikre finansiering av avdrag, bidra til eigenfinansiering av investeringar og bygge økonomiske bufferar.

2 Disposisjonsfond:

Kommunen skal bygge opp og halde eit disposisjonsfond på minimum **8% av brutto driftsinntekter**. I økonomiplanperioden skal fondet byggast, ikkje svekkast. Disposisjonsfondet skal primært nyttast til

å handtere mellombelse svingingar, uventa hendingar og omstillingsbehov, og ikkje til varig finansiering av drift.

3 Gjeld:

Kommunen skal ha eit langsiktig berekraftig gjeldsnivå. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekter. Dersom gjeldsgraden ligg over dette nivået, skal økonomisk planlegging byggje på skjerpa krav til netto driftsresultat, fondsnivå og risikovurderingar. Det vil ta mange år før kommunen har kome ned på måltalet. For økonomiplanperioden er det mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige **112 %** (gjennomsnitt to første år). Ved slutten av økonomiplanperioden skal gjeldsgraden ikkje overstige **106 %** (gjennomsnitt 2 siste år).

Dei økonomiske styringsmåla skal leggjast til grunn for prioriteringar i økonomiplan og årsbudsjett.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/058 VEDTAK:

Økonomiske måltal for økonomiplanperioden 2027-2030

1 Drift:

Kommunen skal i økonomiplanperioden ha eit netto driftsresultat på minimum **0,5% av brutto driftsinntekter**. På lang sikt er målet 2,0 %. Resultatet skal sikre finansiering av avdrag, bidra til eigenfinansiering av investeringar og byggje økonomiske bufferar.

2 Disposisjonsfond:

Kommunen skal byggje opp og halde eit disposisjonsfond på minimum **8% av brutto driftsinntekter**. I økonomiplanperioden skal fondet byggast, ikkje svekkast. Disposisjonsfondet skal primært nyttast til å handtere mellombelse svingingar, uventa hendingar og omstillingsbehov, og ikkje til varig finansiering av drift.

3 Gjeld:

Kommunen skal ha eit langsiktig berekraftig gjeldsnivå. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekter. Dersom gjeldsgraden ligg over dette nivået, skal økonomisk planlegging byggje på skjerpa krav til netto driftsresultat, fondsnivå og risikovurderingar. Det vil ta mange år før kommunen har kome ned på måltalet. For økonomiplanperioden er det mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige **112 %** (gjennomsnitt to første år). Ved slutten av økonomiplanperioden skal gjeldsgraden ikkje overstige **106 %** (gjennomsnitt 2 siste år).

Dei økonomiske styringsmåla skal leggjast til grunn for prioriteringar i økonomiplan og årsbudsjett.